




«Når ein heil maskin, ein gammal, skrøpeleg maskin kjem i så ofseleg rørsle, er han nøydd til å halde fram, anten det blir skapt noko eller ei. Hjernen tærest ut, men maskinen held fram å gå. Derfor er kunstnarane nøydde til å finne på galskapar. Kva skal ein gjera med ein styrtaus motor som ingen lenger kan kontrollere? Tenk Dykk maskinhalla i ein stor fabrikk utan maskinist. Alle visarane har for lengst passert den raude streken, men alt saman sviv vidare i rabiart fart».



# Stanislaw Ignacy Witkiewicz – Witkacy: Ein kronologi



**1885** Fødd 24. februar i Warszawa, i den russisk-okkuperte delen av Polen. Faren var ein velkjend målar og forfattar, mora musikk lærar. Familien kom opphavleg frå Litauen, der dei tilhørde landadelen.

**1890** Familien flyttar til Zakopane i Tara-fjella, i den austerriskokkuperte delen av landet, pga. den dårlege helsa til faren og ønsket hans om å bu på landet.

**1891** Døypd med den polsk-amerikanske skodespelerinna Helena Modjeska som gudmor. Byrjar å måle og spele piano, samlar på insekt og byggjer «museum». Får utdanninga si heime, faren og ulike privatlærarar har ansvaret for undervisninga.

**1893** Skriv «Kakerlakkar» og fleire andre småstykke, som han utgir på si eiga presse og kallar Volum I. Bli rekna som litt av eit vidunderbarn.

**1901** Reiser for første gong til St. Petersburg, der han bur hos tanta si og går i dei store musea. Får sjølv to landskap han har måla vist på ei utstilling i Zakopane.

**1902** Skriv sitt første filosofisk essay, «Om dualismen», og ei om Schopenhauer.

**1903** Tar artium, og studerer vidare – språk og matematikk. Held fram med å skrive filosofiske essays.



**1904** Reiser til Wien, München og Italia. Bli spesielt opptatt av dei symbolske målarstykkane til Arnold Böcklin.

**1905** Immatrikulert ved universitetet i Krakow, mot faren sin vilje.

**1906** Målar landskap, tar ein stutt tur til Italia saman med komponisten Karol Szymanowski (som dediserer den første pianosonaten sin til Witkiewicz). Etter påtrykk frå faren sluttar han ved akademiet og vender heim til Zakopane.

**1907** Ser den store Gauguin-utstillinga i Wien, og får privat undervisning frå ein polsk Gauguin-elev.

**1908** Byrjar måle «monster» og portrett; ser Fauves og dei tidlege kubistane i Paris; har utstilling i Krakow, byrjer ei lang og smerteleg kjærleiksaffære med skodespelerinna Irena Solska, særleg kjend for Ibsentolkningane sine.




**1910-1911** Skriv den første romanen sin (først publisert i 1972) – i store drag sjølvbiografisk, om romansen med Solska og si eiga utvikling som kunstnar. Reiser til Bretagne, ser ei kubist-utstilling i Paris og bur ei tid hos vennen Bronislaw Malinowski, som er antropolog, i London.

**1923** Gjennomlever ei djup krise og oppsøker ein freudiansk psykiater, Dr. Karol Beurain; har ei rad verker på utstillinga i Krakow og Zakopane; vitjar far sin for siste gong.

**1914** Festarkvinna hans Jadwiga Janczewska, gjer sjølv mord. Han reiser saman med Malinowski til Australia via Ceylon for å vere til stades ved ein antropologisk konferanse. Kranglar med Malinowski og bryt med han. Da første verdskrigen bryt ut, reiser han som russisk statsborgar til St. Petersburg og innruller seg ved ein offisers-skole, jamvel om han som einaste son er friteken frå militærtjeneste. Dette sårar den antitsaristiske far hans djupt.

**1915** Tenestegjer som offiser i eit eliteregiment og blir sår ved fronten. Faren døy og blir gravlagd som ein nasjonalhelt i Zakopane.



**1916-1917** Målar intenst under opphaldet i Russland; blir veldig opplødd for kunsten til Picasso; eksperimenterer med narkotiske stoff.

**1917** Når Februarrevolusjonen kjem, blir han vald til politisk kommissær av regimentet sitt.

**1918** Vender attende til Polen; blir knytt til ei gruppe målarar som kallar seg Formistanse; arbeider med drama, essays om kunst og estetikk; målar fantastiske komposisjonar og har ei rad utstillingar. Skriv dei første mogne skodespela sine. Avsluttar sitt til da største teoretiske arbeid – «Nye former i målar-kunsten og misforståingar som oppstår på grunn av desse».

**1919** Dette verket blir utgitt i Warszawa. Fullfører skodespelet «Pragmatikarane» og arbeider med ei omsetjing av Joseph Conrad til polsk.

**1920** I vill skaparkraft skriv han ti skodespel på eitt år, deriblant «Svulsten Hjernowicz» og «Dei». Tar del i fleire utstillingar og utviklar teorien sin om rein form.

**1921** Held fram med å skrive skodespel, i same vakkert tempo, blant dei «Sumphøna» og «Gyubal Wahazar, eller langs klippene til det absurde». Dei første oppsetjingane av «Svulsten» og «Pragmatikarane» i Krakow. Publiserer fleire polemiske artiklar og tar del i avant-garde utstillingar.

**1922** Den store produktiviteten held fram, nye skodespel blir skrivne og «Sumphøna» får urpremiere i Krakow – går to gonger.

**1923** Giftar seg med Jadwiga Unrug og bur vekselvis i Warszawa saman med henne og i Zakopane hos mora. Skriv tre stykke til, deriblant «Galningen og nonna» og «Det galne lokomotivet». Utgir «Teater», ei samling essays skrivne mellom 1919 og 1922, og skriv deretter «Mora». Gir opp den stilen han har dyrka innanfor målar-kunsten og livnærer seg som portrettmålar. Gjer kontrollerte eksperiment med narkotika, målar og skriv i rus.

**1925** Skriv «Belsebub-sonaten», det siste stykket frå tjuve-åra som har overlevd. Organiserer saman med fleire venner eit eksperimentierende amatør-teater i Zakopane, Formist-teatret, som spelar fleire av stykka hans, deriblant «Galningen og nonna», før gruppa blir oppløyst i 1927. Byrjar å skrive «Farvel til hausten», ein lang, anti-utopisk roman.

**1926** Prøver å få oppført «Svulsten Hjernowicz» i Warszawa, men lykkast ikkje – skodespelarane nekter å vere med på «slikt tull». Skriv enda to skodespel, har to portrettutstillingar og skriv ferdig romanen.

**1927** Romanen blir utgitt. «Persy Bestialsakaja» (skreven i 1924, teksten tapt) blir profesjonelt oppført i Lodz – og går to kveldar. Avsluttar den tredje romanen, «Umetteleg». Byrjar å skrive sitt siste og mest ambisiøse skodespel, «Skomakarane».

**1928** Etablerer Witkiewicz portrettmålarfirma og utgir «reglane» for portrettmålararbeid. Eit av stykka blir spela i Poznan.

**1929** Møter Czeslawa Korsenikowska, som blir den viktigaste kvinna i livet hans dei siste åra.

**1930** «Umetteleg» blir utgitt. Seinare bruker han i første rekkje energien sin på filosofi – han er med på ei rad filosofiske konferansar. Skriv «Nikotin, alkohol, kokain, peyote, morfin og eter», ei avhandling om narkotiske stoff.

**1931** Mora døyr. Skriv og får publisert tjuve artiklar om filosofi og litteratur.

**1932-1933** Avhandlinga om narkotika blir utgitt. Arbeider på den ufullførte romanen «Den einaste utvegen», men blir berre ferdig med den første delen, «Venner» (utgitt i 1968).



**1934** Fullfører «Skomakarane». Held fram med artikkelskrivinga, går der til åtak mot banaliteten i den polske samtids litteraturen.


**1935** «Omgrep og prinsippa som ligg i omgrepet eksistens», det filosofiske hovudverket hans, kjem ut i 650 eksemplarar. 20 av desse blir selde.

**1936** Fragment av eit stort verk om psykologi og nasjonalkarakter («Uvaska sjeler: Studium i sosiale sedar og sosial moral») kjem i ulike tidsskrift (publisert i 1975).

**1937** Blir gripen av depresjonar og plagast stadig meir av tanken på sjølv-mord.

**1938** Prøver å vekkje til liv Formist-teatret, men det blir aldri noko av planane. Byrjar på eit nytt skodespel. «Det såkalla menneskelege mistar vitet» – berre tittelbladet og rollelista finst. Skriv ein artikkel om kunstnarleg teater, skriv i det heile som i feber, men mest om filosofi.


**1939** Fullfører skodespelet, skriv nitti sider på to veker. Da andre verds-krigen bryt ut, reiser han austover frå Warszawa som ein del av den store flyktningestraumen. Dagen etter at russarane går til åtak frå aust, 18. september, gjer han sjølv-mord i eit skogholt utanfor landsbyen Jeziory.



«Sjukhusa våre er verre enn fengsla i mellomalderen. Berre psykoanalysen kan fri manneætta frå det forferdelege marerittet som dærhuset representerer. Det blir tomt i fengsla og dersom alle blir underkasta obligatorisk komplekslinnasjon frå barnsbein av».

«Før fanst det ingen «umetteleg hunger etter form», ingen perversjon i kunsten. Og livet gjekk ikkje ut på å flakke rundt utan mål og med, som sjellause automatar. Samfunnet som maskin eksisterte ikkje. Det fanst ei mølje av lidande beist, og opp or den skaut det praktfulle blomar av attrå, makt, skapande vilje og brutalitet.»

«Det einaste som er sikkert, er at i dag er det berre i perversjon og galskapen ein finn stordom i kunsten – ja, eg siktar sjølsagt til forma. Men for skapande andar, ikkje for sjakalar, er forma deira knytt til livet dei lever.»





«Du har ingen idé om kva for eit helvete som ventar denne verda... eit helvete svært få vil overleve ... Ikkje ein einaste stein vil bli ståande etter vår generasjon og vår tidsalder ... Vi er det nye Atlantis som blir overfløymd av ei vill og rasande flodbølge, saman med alle teoriene våre som vi utan å lykkast prøvde å underkaste livet og å tilstoppe livets mystiske mekanismar med; med våre hysteriske katastrofismar, like forfina og arrogante som heile den dekadente epoke; med vår *Schönggeist* så framand for det sanne moderne mennesket sin sosiale aktivisme ... Eg kjenner det som om eg nærmar meg slutten, saman med den epoken – Eg, som alltid var frenetisk opptatt av å suge all magien ut av livet og oppdage livets mysterium, og gå utover livets lover og trengje inn til livets eigentlege meining».

Witkiewicz i samtale med ein venn like før han gjorde sjølv-mord i 1939

Stanislaw Ignacy Witkiewicz:  
**Galningen og Nonna**

eller aldri så gale at det ikkje kan bli verre  
kort spelstykke i tre akter og fire scener

**Tileigna alle galningar i verda (y compris andre planetar i vårt system  
så vel som planetar i kring andre soler i mjølkevegen og i andre galaksar)  
og Jan Mieczyslowski**

omsett frå polsk av Ole Michael Selberg

Mieczyslaw Walpurg, galning og diktar  
Syster Anna  
Syster Barbara, priorinne  
Dr. Jan Burdygiel, psykiater  
Dr. Efraim Grün, psykoanalytiker  
Prof. Ernest Walldorff  
To hjelpepleiarar:  
Alfred  
Pafnucy

**Svein Erik Brodal**  
**Ulrikke Greve**  
**Tone Ringen**  
**Torgeir Fonnliid**  
**Roy Bjørnstad**  
**Kjell Morteng**  
**Gorm Jenseg**  
**Arild F. Berg**

Regi: **Harald Hoaas**  
Scenografi: **Helge Hoff Monsen**  
Kampinnstudering: **Morten Krogh**  
Maske: **June Paalgaard**  
Dementia-dyra: **Don Clanton**  
Lyd: **Meny Bloch**  
Lys: **Tryggve Øverås Ildahl**  
**Lars Petter Lyng**  
Inspisient: **Krzysztof Seliga**  
Rekvisitør: **Finn Kirkeby**  
Sufflør: **Torhild Strand**  
Dramaturg: **Halldis Hoaas**  
Scenemeister: **Herve Huch**

Musikken er henta frå: K. Szymanowskis strykekvartett, op 56, nr. 2 – F. Chopin etyde i C-dur, op 10, nr. 1

Handlinga går føre seg i ei celle for ustyrlige pasientar, i galehuset «Den kreperte hare»

***Noregspremiere 19. november 1988 på Prøvesalen***





## HEIKE

blir nytta om klanen Taira. I år 889 fekk prins Takamochi, barnebarnsbarnet til Kwammu-tenno, som den første namnet Taira av keisar Uda. Han vart stamfaren til fleire store og vidkjende familiar. Taira-klanen nådde si høgste makt på 11- og 1200-talet. Dei var knytte til hoffet og representerte ein forfina, adeleg tradisjon. Klanen gjekk til sist under i kampane med den rivaliserande klanen Minamoto, også kalla Genji.

## GENJI

blir nytta om klanen Minamoto. I det niande og tiande hundreåret gav fleire keisarar namnet Minamoto til etterkomarane sine. Dette førte til fleire familiegreiner med same namnet. Denne klanen hadde opphavet sitt i dei nordaustlege provinsane. Dei representerte det nye krigaridealet – samuraiane. Da Minamoto-klanen nedkjempa den gamle adelege Taira-klanen, vart dette byrjinga på shogunatet, som m.a. bygde på samuraimakta. Dette styringssystemet vara ved fram til midten av førre hundreåret, da Japan opna seg mot omverda og ein ny epoke tok til.

## DAN-NO-URA

ei bukt på kysten av Honshu, nær byen Shimonoseki, ved sundet som skilj øyene Honshu og Kyushu. Det var her det store sjøslaget vart utkjempa mellom Taira og Minamoto, det som resulterte i Taira-klanens undergang. Sigeren til Minamotoklanen vart i stor grad tillagt motet til Yoshitsune, som i eit sprang hoppa over åtte (!) båtar for å

nå fram til fienden. Den tidlegare keisaren Antoku, berre sju år gammal, og bestemor hans, Nii-no-ama, enkja etter Kiyomori, forsvann i bølgiene saman med fleirtalet av soldatane sine. Året var 1185.

## HEIKE-GANI

Heikekrabbane, ei legende som voks fram etter slaget ved Dan-no-ura. Ingen annan siger i saga om samuraiveldet var så avgjerande og så total som utslettinga av Heike-klanen i dette sjøslaget. Med utslettinga av ein heil familie har slaget gitt opphav til ei rekkje historier i den

109165956  
rike, japanske arven av forteljingar om gjenferd og andre spøkjelse. Øydelegginga av så mange menneskeliv gjorde eit djupt inntrykk over heile landet. I mange hundre år prøvde sjøfolk å unngå dette farvatnet av frykt for å møte dei urolege gjenferda frå Heike-klanen – dei som var dømde til å vandre på bølgiene. Bønder i området fortalde om spøkjelseshærar som med botnlause ausar prøvde å reinske havet for spora etter kampen. Den best kjende historia er den om Heike-krabbane. Det blir sagt at nettopp *desse* krabbane rommar sjela til dei døde samuraiane i skalet sitt – og ser ein godt etter, kan ein sjå andletsdrag på skalet deira.



## Okamoto Kido (1872-1932)

I åra etter den russisk-japanske krigen opplevde Kabuki-teatret store omveltningar. Ingen ny stor skodespelar hadde markert seg som ein etterfølgjar til dei landskjende Kabuki-stjernene som no var døde, og dei nye stykka som vart skrivne for Kabuki-teatret vann liten eller ingen popularitet. Dei nye vesterlandske teaterformene tok over og fylte dette tomrommet ei tid, men det vara ikkje lenge for Kabuki-teatret på nytt erobra sitt publikum i Tokyo.

I 1908 vart ein journalist som heitte Okamoto Kido beden om å skrive eit nytt stykke. Han hadde tidlegare utgitt uspela stykke i ulike teatermagasin – eitt stykke vart ein stor fiasko spela av Kabuki-skodespelarar i 1902. Stykket han vart beden om å skrive, skulle vere for den andre Ichikawa Sadanji (1880-1940), ein ung skodespelar som ivra for reformer innanfor den tradisjonelle Kabuki-kunsten. Stykket, «Ishin Zengo», vart oppført med suksess i september same året, og vart innleiinga til eit vellykka samarbeid mellom desse to. Saman skapte dei ei fornya interesse for Kabuki.

Det nye Kabuki-teatret som Kido og Sadanji representerte, hadde ein større realisme i dialog og handling enn standardrepertoraret. Det var likevel først og fremst eit skodespelarteater, der rolla for dramatikaren var å gi stoff som kunne vise talentet og styrken til ulike skodespelarar. Nesten alle stykka henta emnet sitt frå historia, situasjonane var dei same, velkjende som dei gamle stykka tok opp, personane like ens. Likevel – ei ny form for psykologisk utvikling gjorde stykka til uttrykk for eit meir moderne menneskesyn. Dei brukte ikkje den tradisjonelle Joruri musikken, og tok heller ikkje med dei




mimiske dansescenene som var ein del av tradisjonell Kabuki. Dei låg tett nok opp til moderne realistisk drama til at somme av stykka vart sett opp med suksess av skodespelarar utdanna i det vesterlandske drama.

Den første verkeleg store suksessen i dette samarbeidet kom med stykket «Shuzhenji Monogatari» i 1911. Dette stykket har vore ein populær del av repertoaret heile tida sidan, og har hatt stor innverknad på utviklinga av det nye Kabuki, men er langt frå stor litteratur. Verdien ligg først og fremst i utfordringa stykket gir store Kabuki-skodespelarar. I ei tid da japanske forfattarar vart inspirerte av Ibsen og Maeterlinck, var siktepunktet for Kido og Sadanji likevel å vinne attende det publikum som Kabuki hadde mista – dei kunne ikkje gå for langt i moderniseringa. Og dei lykkast.

Det neste store stykket til Kido, «Monowa no Shinju» – også frå 1911, tok opp historiske emne, men la inn kjensler som hørde heime i Kidos eige hundreår. Han skreiv etter kvart ei lang rad historiske spel, alle svært populære, der han til tider endrar dei historiske fakta ein del for å gi rom for personleg utvikling og psykologi i karakter-skildringa. Eit av dei beste stykka til Kido kom i 1915 – «Onoe Idahachi». Her lykkast han i å sameine eit moderne livssyn og eit historisk emne på ein verkeleg integrert måte. Samstundes viser han korleis han er blitt ein meister i å utnytte Kabuki-teatret sine tekniske og visuelle verkemiddel.

To andre stykke skrivne i same perioden høyrer òg i dag til standard-repertoaret – «Toribeyama Shinju» frå 1925 og «Bancho Sara Yaskiki» frå 1916.

Alt i alt skreiv Kido innpå 200 skodespel – det er sjølvsagt umogeleg å gå






inn på dei alle. Dei fleste hentar handlinga si frå Tokugawa-perioden – slik Kabuki-teatret gjerne gjer, men somme tar òg opp den siste shogun-tida og overgangen til eit ope, moderne samfunn, Meiji-tida. Eit av dei handlar til dømes om ein amerikansk utsending – «Amerika no Tsukai» frå 1909 – og er skriva til femtiårsjubileet for opninga av hamna i Yokohama. Her er amerikanaren sympatisk framstilt. Det mest ambisiøse stykket hans, «Seinan Senso Kikigaki» frå 1922, vart aldri den største publikumssuksessen, men er det fremste forsøket på å utvikle ein karakter, ikkje berre skape situasjonar. Det er sjølvsagt ulike oppfatningar om kva for stykke som er det beste i denne store produksjonen – og dei beste er ikkje alltid dei mest populære. Eit stykke som truleg stod forfattaren sjølv nær, er «Tempo Engeki Shi» frå 1929 – det handlar om kampen for å ta vare på teatret i ein periode da det var truga av styresmaktene. For Kido var dette eit

høgaktuelt tema da det kom opp i 1930 – etter eit langt liv i teatret frykta han kan hende likevel at det han hadde kjempa for å skape, enda ein gong var truga av nye tider.

Kabuki-teatret har overlevd. Kido og mellomkrigstida er ein annleis og interessant periode i den lange historia om denne folkelege og rike teaterforma.

*haho*





## DØGNET

var i gammel tid i Japan delt inn  
i tolv to-timers periodar representerte  
ved ulike dyr, slik:

Mus (midnatt)

Okse

Tiger

Hare

Drake

Slange

Hest (12.00)

Sau

Ape

Fugl

Hund

Bjørn

Okamoto Kido:

## HEIKE – GANI

omsett fra japansk av Royall Tyler

omsett frå engelsk av Halldis Moren Vesaas

Tamamushi	Hildegun Riise
Tamagoto	Arnhild Litleré
Nasu no Yogoro Muneharu	Nils Bernt Olsen
Munekiyo	Roy Bjørnstad
Kureha no Tsubone	Grethe Ryen
Aya no Tsubone	Elsa Isefiær
Oshio	Wenche Medbøe
Yatoji	Jørgen Sandvik Langhelle
ein soldat	Tom Arne Haug
barn på stranda	Trine Bjørnæs
	Siv Helene Kusslid
Musikarar:	Bjørn Kruse, synthesizer, sopransax, Sissel Dørum, fløyte, altfløyte
Regi:	Haukur J. Gunnarsson
Scenografi:	Svein Lund-Roland
Koreografi:	Yoh Izumo
Musikk:	Bjørn Kruse
Hår og parykkar:	Per Hjort
Maske:	Britt Helen Riise
Maskekonsulent:	Yoh Izumo
Kallegrafi:	Hiroko Doi
Inspisient:	Pål Pande-Rolfsen/Lars Kolstad Krzystof Seliga
Rekvisitør:	Finn Kirkeby
Sufflør:	Lars Kolstad/Sissel Ramberg
Lys:	Tryggve Øverås Ildahl Lars Petter Lyng
Scenemeister:	Herve Huch
Påkledarar:	Lise Sandberg/Donald Clanton

*Noregspremiere 19. november 1988 på Prøvesalen*



*Koreografen Yoh Izumo er ein hylla og prislønna dansar og koreograf i heimlandet sitt, Japan. Ho representerer to store tradisjonar innanfor japansk dans; JIUTA-MAI og KABUKI-BUYŌ, men går óg nye vegar. M.a. har ho henta inspirasjon i europeisk pantomime. Ho har også tidlegare hatt koreografioppgåver på DNT (Aizo).*



10g163956

DET NORSKE TEATRET



Okamoto Kido

平家源興